

Røldal 31.08.2024

Høyringsuttale Røldalsspelet

Røldalsspelet er kjent med planane for Røldal Suldal Kraft-anlegga dei komande åra og deponiet av massar som er planlagt ved og i Røldalsvatnet.

På folkemøtet Lyse heldt på Røldal Grendahus 11. juni 2024 blei det presentert ei konseptskisse for mogleg utforming av dette deponiet. Der har me lagt merke til at det er teikna inn ein spel plass/amfi med utsyn mot vatnet og Ekkjeskar. Me i Røldalsspelet ser på mogleheita for å få til eit amfi med svært positive auge.

Slik me har gjennomført forestillingane våre til no har det vore på ein plass med risiko for for høg vasstand og der ingenting har vore tilrettelagt med tanke på infrastruktur. Tilkomst er utfordrande og på grunn av vasstanden er det ikkje aktuelt å ha permanente strukturar på plassen.

Å kunne bruke ei slik utfylling til å utforme eit permanent amfi og spel plass for Røldalsspelet ville gjere gjennomføringa av arrangementet svært mykje enklare som igjen vil bety mykje for framtida for spelet. Det vil kunne gjennomførast utan å inngå kompromiss med omgjevnadane slik at me vil kunne ha det same naturlege bakteppet med vatn og fjell, som har vore ein del av suksessen til no. I tillegg vil det kunne tilretteleggast for infrastruktur som straum, vatn og biltilkomst for folk og utstyr på ein mykje betre måte. Dette vil bety mykje både i førebuing- og øvingsfasen i forkant av forestillingane, ved gjennomføring og opprydding. Samtidig vil eit slikt anlegg vere med på å løfte oss til eit meir profesjonelt nivå slik at me kan tiltrekke oss fleire publikummarar og fleire skodespelarar og musikarar, som vil gje oss klart betre førsetnader for å gjere dette til eit fast arrangement i framtida. I tillegg vil eit amfi også kunne nyttast av andre aktørar som kan stimulere til eit betre kulturtilbod i bygda.

Me ser at utvikling av eit slikt område som her skissert vil vere positivt for bygda og synes det er viktig at det blir utforma for alle grupper, for aktivitet både sommar og vinter.

Røldalsspelet vil gjerne delta i dialog omkring dette prosjektet og bidra med innspel rundt utforming av dette området.

Gunhild Øvregård
Styreleiar